
MELLOMKIRKELIG RÅD

OSLO

8.-9.9.98

Saksliste

Sak MKR 37/98 REVISJON AV MKRS ØSTEUROPA-STRATEGI



MKR-SAK 37/98 REVISJON AV MKRs AUST-EUROPA-STRATEGI(vedlegg 1)**1. BAKGRUNN FOR STRATEGIEN:**

Då strategien for Mellomkyrkjeleg Råd sitt Aust-Europa-engasjement vart utarbeida av dåverande NØM-konsulent Margunn Sandal og dåverande generalsekretær Atle Sommerfeldt, hadde det som mål “å utvikle en helhetlig strategi for MKRs virksomhet overfor Øst-Europa for slik å bidra til at de ulike elementene sees i sammenheng og skaper grunnlag for vekst i dette arbeidet”(jf. SAK MKR 18/94). Det norske kyrkjelege Aust-Europa-engasjementet var i sterke vekst, og MKR ønskja å styrkja den faglege fungeringa av dette engasjementet - m.a. gjennom opprettinga av eit internt koordineringsutvalg (Strategien s.8, punkt 7) og Kyrkjeleg Aust-Europa-Forum (s. 7 og 8, punkt 6). Dette må ein også sjå i samanheng med MKRs ambisjon om å ta ansvar for ei “samordning av det norske kirkelige engasjement i Øst-Europa” (s. 7, punkt 6).

Strategien er omfattande og ambisiøs, og legg opp til ei auke i MKRs engasjement i høve til Aust-Europa (jf. s.6, punkt 4. og s.8 og 9 i strategien). Mykje har endra seg sidan 1994, både internt hjå MKR og i Mellomkyrkjeleg Råds Aust-Europa-engasjement. Her vert det vist til MKR SAK 2/98 : ”Referat: Kort orientering/oppdatering om MKR sitt Aust-Europa-engasjement”. Denne saksutgreiinga er eit forsøk på å fanga opp desse endringane. Vonaleg vil denne revisjonsframlegga vera med å fremja ein arbeidsdyktig strategi for framtida, og då trur vi at det er nausdynt med ei viss ”slanking” av satsingsområde. I denne saksutgreiinga følgjer difor først kommentarar til dei enkelte punkta i strategien etterfulgt av framlegg til endringar og nokre konklusjonar om kva som bør vera framtidige prioriteringar og satsingsområde.

2. KOMMENTARAR TIL DEI ENKELTE PUNKTA I STRATEGIEN :

Punkt 1: Det er godt å merka at hovudpunktata i ”Basis for Mellomkirkelig Råds Øst-Europa-engasjement” framleis kan brukast som retningslinjer for MKRs Aust-Europa-engasjement. Men punktet kan trengja ei utheving, og vi ser gjerne at det vert knytt til MKR si rolle som faginstans og kunnskapsstad i høve til kyrkjeleg Aust-Europa-engasjement.

Punkt 2 : Her har som nemnd mykje endra seg. Arbeid i høve til 2.2 har i liten grad vore framme dei seinare åra. Når det gjeld 2.3 og 2.4 trengst det ei oppdatering og gjennomtenkning av storleiken på MKRs engasjement på desse feltet.

2.3.3.: MKR har i den seinare tid arbeida med å få ei oversikt over dei ulike kyrkjelege venskapssamarbeida i dei ulike bispedøma (jf. SAK 9/98 h.). MKR har gjennom sitt arbeid samarbeida mest aktivt med Borg (Romania-samarbeid) og det kyrkjelege samarbeidet i Barentsregionen. Det er grunn til å tro at MKRs samarbeid og kontaktflate kan utvidast m.a. gjennom arbeidet med Kyrkjeleg Aust-Europa-Forum og betre utbyggjing av nettverket av

økumeniske kontaktpersonar. Porvoo-nettverket opnar også for nye bispedømekontaktar i Baltikum.

Det er framleis klart at det er umogeleg å få ein oversikt over alle kyrkjelege venskapsrelasjonar med Aust-Europa (dette gjeld også for 2.3.5. og 2.4.), men det er grunn til å tru at ei intensivert satsing på *Kyrkjeleg Aust-Europa-Forum* kan vera med å letta den koordineringa og samordninga som vert etterlyst nedst på s.4 i strategiplanen. Sekretariatet trur og vonar at ein ved eit slikt ope samtaleforum kan vera med å setja dagsorden for det kyrkjelege Aust-Europa-engasjementet. Forumet vert soleis også viktig som ein koordinerande møtestad for alle norske kyrkjelege (ikkje berre Dnk) Aust-Europa-aktørar. *Ei vidareføring og vidareutvikling av koordineringsarbeidet knytta opp mot Kyrkjeleg Aust-Europa-Forum bør difor vera eit satsingsområde for MKR vidare.*

Punkt 3: Både 3.1. og 3.3(?). skisserer linjer for ei svært vidfemnande og brei satsing. Problemstillingane og utfordingane som vert teikna opp gjev nyttig bakgrunnsmateriale, men bør vera meir å forstå som ei hugsliste/”smørbrødliste” for framidig MKR-engasjement i Aust-Europa. Lista kan også vera ein viktig vegleiar ved tildeling av dei midlane som MKR forvaltar frå Utanriksdepartementet til ”Samarbeidprogram med Sentral-og Øst-Europa”. Til desse midlane har vi laga eigne retningslinjer. Sjå også referat til MKR-feb.1998, vedlegg 2 og 3. I 1998 vart desse midlane for første gong kunngjort gjennom annonse i Vårt Land. Dette førte til at vi fekk inn fleire kvalifiserte prosjektsøknader frå eit breiare kyrkjeleg engassementsfelt.

Punkt 4: Når det gjeld hovudlinjene for MKRs satsing vidare, er det som ein påpeiker viktig å organisera og tenkja MKRs som eit *heilskapleg engasjement*, som soleis omfattar alle fagfelta til MKR. Vi finn også skjelninga mellom det multilaterale nettverket og dei bilaterale kontaktane som tenleg for den vidare satsinga. Samtidig er det særskilt viktig at MKR er med og formidlar informasjon og kunnskap mellom dei ulike nettverka (m.a. gjennom Kyrkjeleg Aust-Europa-Forum).

Satsingsområda og temafelta som vert rissa opp på s.6, 7, 8 og 9 er mangslungne og krev mykje arbeidsinnsats, j.f. den avsluttande konklusjonen om ”tilførsel av prosjektkompetanse”. Dette har ikkje vorte gjort, og kjem truleg heller ikkje til å verta gjort i overskueleg framtid. Då er det viktig at ein innrettar satsinga og arbeidsmengda etter det.

Punkta på desse sidene gjev framleis viktig bakgrunnsmateriale, men treff litt ”for breitt”. Nokre punkt har heller ikkje lète seg gjennomføra/vorte gjennomført . M.a. har ikkje ein ikkje brukt midlar frå Det norske menneskerettighetsfond til Aust-Europa i perioden (jf.s.7) eller i noko særleg grad stått for samordninga av det kyrkjelege Aust-Europa-engasjementet. Tanken om ”en aksjon for kirkelig solidaritet med den gudstjenestefeirende menighet i Øst-Europa” har heller ikkje vorte vidareført. Dessutan har det økonomiske samarbeidet om midlar til kyrkjennettverk i Aust-Europa mellom MKR og Kirkens Nödhjelp vorte avslutta . Heilt til slutt bør det nemnast at denne gjennomgangen aktualiserer problemstillingar kring ansvarsområde mellom MKR og NKR.

Etter denne korte ”oppsummeringa” vil vi her koma med nokre konklusjonar kring kva som bør vera MKR, og dimed særleg NØM sin hovudinnsats i høve til kyrkjeleg Aust-Europa-engasjement. Vi har forsøkt å gjera det så ”knappt” og innhaldsretta som mogeleg. Desse

endringane/konklusjonane er å forstå som *understrekningar og spissformuleringer* av den opphavelege strategien.

3. FRAMLEGG TIL ENDRINGAR/NOKRE KONKLUSJONAR(VEDTAK)

Det kan vera på sin plass å peika på at denne revisjonen ikkje er nokon ny strategi, heller ikkje ei uttøyande oppgåveliste. Det kan m.a. dukka opp prosjekt knytta til Aust-Europa som fell utanom desse hovudlinjene og likevel krev mykje arbeid og oppfølgjing. Men det er vår von at denne gjennomgangen kan gje hjelp til *prioriteringar og oversikt i det daglege arbeidet med Aust-Europa i MKR*. Kanskje kan også erfaringane frå arbeidet med denne strategien vera til nytte ved vurderinga og utforminga av andre regionstrategiar for MKR.

HOVUDLINJER FOR MKRs AUST-EUROPA-ENGASJEMENT :

1. MKR som tilretteleggjar og fagstad:

- a. *Kyrkjeleg Aust-Europa-Forum:* Forumet samlast to gonger i året og skal vera ein møtestad for alle ulike norske kyrkjelege Aust-Europa-aktørar. MKR står for fagleg leiing og organisering . Arbeidet med forumet vert viktig også i framtida og bør difor styrkast. Ein vil også arbeida med ulike tiltak og samarbeid som spring ut av dette kontaktnettet(sjå også 2b).
- b. *Kontakt og samarbeid med dei multilaterale kyrkjelege organisasjonane om kyrkjeleg Aust-Europa-samarbeid:* Dette gjeld særleg samarbeidet og kontakten med LVF, KEK og KV. MKR har her også ei viktig rolle som formidlar av informasjon og kunnskap til dei norske Aust-Europa-aktørane.

2. MKR som forvaltar av fagleg kompetanse, nettverk og midlar (UD) til bilateralt (og evt. multilateralt samarbeid) med kyrkjer i Aust-Europa:

- a. *Midlar frå UD sitt "Samarbeidsprogrammet med Sentral-Aust-Europa":* MKR har dei seinare åra forvalta pengemidlar frå UD sitt "Samarbeidsprogrammet med Sentral- og Aust-Europa" til kyrkjeleg Aust-Europa-samarbeid. Dette inneber ei nokså arbeidskrevjande forvaltning, men vonaleg vil saksgangen verta noko letta gjennom dei nye retningslinjene som er foreslått.

Vi vil likevel tilrå at MKR (re)vurderer kva mål ein har for forvaltinga av desse midlane: Det er til tider eit svært arbeidskrevjande felt i høve til storleiken på midlane. Det må også seiast at ein saknar spisskompetanse i sekretariatet på slik forvaltning av midlar. Ein har også fått signalar om at det i framtida kan verta mykje vanskelegare å få tildelt midlar frå UD til slike føremål. Om ein difor tek omsyn til den krevande oppfølgjinga av desse midlane og Samarbeidsprogrammets si noko usikre framtid, vil sekretariatet tilrå at ein ikkje søker om midlar frå dette programmet for 1999. Om det finnast midlar disponibelt også i 1999, vil, slik vi forstår det, det norske kyrkjelege nettverket som i dag hentar midlar gjennom MKR, kunne søkja UD direkte.

- b. *Informasjon og kompetanseutvikling/formidling i høve til dei ulike formane for kyrkjeleg venskapssamarbeid med Aust-Europa-samarbeid:* Her vert det vist til den store mengda av

mindre tilvendingar som kjem til rådet i samband med kyrkjeleg Aust-Europa-samarbeid. Dessutan høyrer arrangering av ulike konferansar og seminar, som t.d. konferansen om venskapskyrkjelydar, til under dette punktet. Under dette punktet høyrer også arbeidet med å styrke erfaringsutbytet mellom kyrkjelyder i Noreg og Aust-Europa(m.a. kyrkjene sitt arbeid med miljøspørsmål). MKR spelar også ei viktig rolle som forvaltar av dei ulike delane av Dnk sitt økumeniske engasjement i dei respektive landa.

Oslo, 24.08.1998

Strategi for Mellomkirkelig Råds Øst-Europa engasjement



MELLOMKIRKELIG RÅD
Den norske kirke

STRATEGI FOR MELLOMKIRKELIG RÅD'S ØST-EUROPA-ENGASJEMENT

1. Basis for Mellomkirkelig Råd's Øst-Europa-engasjement

Øst-Europa er et av Den norske kirkes hovedsamarbeidsområder. Det er en kjennsgjerning at kirkene i dette området lenge har vært undertrykt og forfulgt. Man er nå inne i en krevende gjenoppbyggingsprosess. Vår kirke ønsker å støtte kirkene i dette arbeidet, og bidra til at de kan møte de samfunnsmessige og åndelige utfordringer de står overfor. På samfunnsplanet er det viktig at kirkene er støttespillere for demokratibygging og viser respekt for menneskerettigheter. Samtidig står kirkene foran en kjempeoppgave i å ivareta den rent pastoral/diakonale tjeneste med Ord og Sakrament og den kateketiske tjeneste hvor dåpsopplæring og voksenundervisning er sentrale oppgaver.

Samtidig ser vi at vår egen kirke har mye å lære av de erfaringer kirkene i Øst-Europa bringer med seg. Det er derfor nødvendig å legge til rette for utveksling av erfaringer og bygge en plattform for felles arbeid om spørsmål knyttet til kirkens oppdrag i verden.

Oppbygging av helhetlige relasjoner vektlegges. Det innebærer at gjensidighet er avgjørende og at begge parter klargjør sine forventninger og behov. Det betyr videre at vi vil forholde oss økumenisk i de respektive landene, og ikke bare til lutherske eller protestantiske kirker.

Videre er det et mål å styrke aktiv deltagelse fra alle plan i kirkene, både i Norge og i Øst-Europa. Kontakten skal ikke begrenses til toppledermøter og delegasjoner.

Det vil dessuten være viktig å arbeide seg fram til en god balanse mellom kirkenes behov i Øst-Europa og de interesser vi selv har for et engasjement i de områder vi er interessert i.

Endelig er det naturlig at vi i så stor grad som mulig arbeider i nærbane med de multilaterale kirkelige organisasjoner- primært LVF og KV/KEK- og på noen områder mer direkte gjennom disse.

2. MKRs nåværende engasjement i Øst-Europa

MKRs engasjement overfor Øst-Europa har nå følgende komponenter:

2.1. Menneskerettighetsarbeid

Gjennom KV, LVF og KEK og bilateralt har MKR et løpende engasjement i ulike menneskerettighetsaktiviteter i Øst-Europa. Konferansen for Sikkerhet og Samarbeid (KSSE) og

minoritetsproblematikken er prioriterte oppgaver. Gjennom et samarbeid med norsk UD har MKR i en rekke år kanalisiert midler til disse økumeniske organisasjonenes menneskerettighetsarbeid.

2.2. Miljøengasjement

I samarbeid med KEK er vi engasjert i en prosess som tar sikte på å utvikle kirkenes engasjement i miljøspørsmål i Øst-Europa.

2.3. Utveksling og kirkesamarbeid

Utvekslingsarbeidet har flere delelementer.

2.3.1.

Nordisk-tysk kirkekongress. Kongresset har etter krigen hatt en viktig funksjon i å holde kontakt med kirkene i Øst-Tyskland og bidratt til åpne samtaler og utveksling av erfaringer mellom Øst og Vest. Etter at muren falt har kongresset satt i gang et nyorienteringsarbeid som blant annet innebærer en utvidelse mot Øst. Kongresset kan slik fungere som en møteplass for kirkene rundt Østersjøen, hvor felles oppgaver og utfordringer kan drøftes.

Det er en kjennsgjerning at både de tyske og nordiske kirker har et sterkt engasjement i området rundt Østersjøen. Kommunikasjonen mellom de ulike kirker som opererer i området er ikke tilfredstillende.

Norge følger den videre utviklinga av kongresset og vil arbeide for en utvidelse østover som kan bedre koordineringen av det kirkelige Øst-Europa-arbeid og legge opp til drøftinger av målsettinger og prinsipper for de vestlige kirkers arbeid i Øst-Europa.

2.3.2

Anglo-nordisk-baltisk teologikonferanse, er et samtaleforum for teologer fra de respektive land. Konferansens betydning er styrket i og med Porvoo-avtalen om et nærmere og mer forpliktende samarbeid mellom de nordisk\baltiske kirker og den anglikanske kirke.

2.3.3.

Flere bispedømmer har inngått utvekslingsavtaler med kirker/bispedømmer i Øst-Europa. P.t. er slike avtaler på plass mellom:

Nord-Hålogaland - Murmansk/Arkhangelsk

Dette er det mest omfattende av de eksisterende utvekslingsavtaler. Hovedsamarbeidspartner på russisk side er naturlig nok den russisk-ortodokse kirke. Samarbeidet innebærer menighets- utveksling, kirkesamarbeid, teologisk samarbeid og kompetanseoppbygging, miljø- og undervisningssamarbeid.

Sør-Hålogaland - Latvia/St. Petersburg

Sør-Hålogalands samarbeid med den lutherske kirke i Latvia omfatter hovedsaklig utvekslingsavtaler mellom menigheter og utveksling mellom kirkelige barne- og ungdomsorganisasjoner. Kontakten med St.Petersburg innebærer dessuten kirkehjelp og samarbeidspartnere er også andre kirker, f.eks Baptistkirken.

Borg - Romania

Borg bispedømmes avtale med Den presbyterian-lutherske kirke i Romania dreier seg også hovedsaklig om utveksling og samarbeid mellom menigheter i Borg og i Romania.

Tunsberg - Litauen

Samarbeidet med den lutherske kirke i Litauen er ennå i startfasen. Det har vært gjensidige besøk, og det er fra begge sider et uttrykt ønske om å videreutvikle kontakten.

Nidaros, Oslo og Hamar,

Bjørgvin, Møre - tidligere DDR
 Kontakten ble opprettet mens DDR ennå eksisterte og består hovedsaklig av gjensidige besøk i hverandres kirke og menigheter og deltagelse på diverse kurs og konferanser. Etter murens fall, råder det i noen bispedømmer en viss usikkerhet omkring det videre samarbeid. Med sammenslåingen av Tyskland er det klart at dette ikke lenger defineres som Øst-Europa og bør derfor behandles under MKRs generelle Europaengasjement.

Mellomkirkelig Råds rolle i forhold til bispedømmerådenes samarbeid har hovedsaklig vært rådgiving og kontaktformidling. MKR har dessuten søkt å legge til rette for utveksling av erfaringer og drøftinger av prinsipper og retningslinjer for utveksling med andre kirker. MKR har dessuten hatt en koordinerende funksjon og bidratt med økonomisk støtte.

Mellomkirkelig Råd vil videreføre og styrke sitt engasjement langs de samme linjer.

2.3.4

Enkeltmenigheter har vennskapsrelasjoner til flere øst-europeiske land. Relasjonene har høyst ulikt innhold og dreier seg om alt fra hjelpesendinger og støtte til prosjekter, til ungdomsutveksling og evangelisering, støtte til undervisning og kompetansebyggende tiltak eller forbønn og brevveksling.

Antallet slike relasjoner er uoversiktelig, men det antas å være forholdsvis høyt. MKR har bidratt med økonomisk støtte i begrenset omfang.

Mellomkirkelig Råd vil søke å bidra med rådgivning overfor menigheter, basert på de signaler og råd vi får fra våre søsterkirker i Øst, og erfaringer som er samlet i de multinasjonale organisasjoner og i tilsvarende internasjonalt kirkelig samarbeid. Videre vil MKR arbeide for tilfredstillende registrering og koordinering av kontaktene. Det vil endelig være en prioritert oppgave å søke å skaffe til veie økonomisk støtte i etableringsfasen.

2.3.5

MKR har de siste år støttet enkelt-tiltak med formål å styrke utviklingen av frivillige organisasjoner, opplæring og nettverksbygging.

Dette arbeidet vil videreføres med vekt på fortsatt støtte og bedre koordinering.

2.4. Andre kirkelige relasjoner i Øst-Europa

Det er en rekke organisasjoner i Den norske kirke og sentrale tverrkirkelig organisasjoner som er engasjert i Øst-Europa.

Viktige eksempler er:

- Misjonsorganisasjoner i begrenset omfang
- Norsk Misjon i Øst. Særlig bibelarbeid og kristen undervisning.
- Det norske Bibelselskap.
- Norsk Søndagsskoleforbund.
- Institutt for kristen oppseding.
- Diakoniinstitusjoner.
- Ungdomsorganisasjoner.
- Presteforeningen.
- KN, særlig katastrofehjelp, men også mellomkirkelig hjelp.
- De teologiske fakulteter.

Mellomkirkelig Råd understreker viktigheten av disse organisasjoners aktivitet i Øst-Europa. De bidrar med kompetanse på en rekke områder og er naturlige samarbeidspartnere for Mellomkirkelig Råd.

Det råder samtidig en viss uro over manglende koordinering av det kirkelige Øst-Europa-arbeid. Realistisk sett er ikke mulig å få til en full koordinering. Det er likevel et mål å samordne dette arbeidet bedre.

Andre kirkesamfunn i Norge har også et omfattende arbeid i Øst-Europa. Det er ønskelig å samarbeide nært med NKR og andre kirker der det er naturlig.

3. Samarbeidsområder

3.1. Den norske kirkes behov

I møte med øst-europeiske kirker er følgende elementer spesielt intressante for MKR:

- Erfaringer fra kirker i en kulturell minoritetssituasjon.
- Fromhetsmønstre og teologisk tenkning i de ortodokse tradisjoner.
- Kirkelige erfaringer fra undertrykkelse og i gjenoppbygging.
- Nasjonal identitet og religiøs identitet.
- Evangelisering og misjon i deres ulike kontekster.
- Diakoni utenfor institusjonene.
- Erfaringer med vestlig kristendom i en annen kontekst.
- Utveksling av erfaringer omkring det å være kirke i et sekularisert Europa.

3.3. Behov i Øst-Europa

Det er enorme behov for økonomiske og faglige ressurser i gjenoppbyggingsarbeidet kirkene i Øst-Europa er involvert i etter kommunistregimenes fall. Selv om vi fra Den norske kirke deltar i noe av dette arbeidet, er det liten tvil om at våre bidrag ikke står i forhold til behovene og forpliktelsene.

Følgende områder synes å tre fram som særlig sterke behov:

- Sikring av kirkenes elementære tjeneste med Ord og Sakrament. Dette inkluderer utrusting av legfolket, presteutdanning, hjelpemidler til åndelig vekst og fysisk infrastruktur.
- Støtte til kirkelig utdanning og kompetanseoppbygging.
- Utbygging og profilering av kirkenes diakonale arbeid i nærmiljøet med mennesker i nød.
- Styrking av kirkenes arbeid for forsoning, fred og miljøvern.
- Støtte til arbeid med kirke\stat-problematikken og spørsmål vedrørende religionsfrihet og menneskerettigheter samt majoritet\minoritetsproblematikken.
- opplæring i demokrati blant annet gjennom aktiv deltagelse i de frivillige organisasjoner.

- Bevisstgjøring av kirkenes profetiske mandat i samfunnet og kapasitet til å være en etisk røst særlig i møte med konsekvensene av den økonomiske politikken.
- Stimulering av økumenisk samarbeid ved särlig satsing på økumeniske samarbeidsprosjekter.
- Stimulering av selvbærende, kirkelige strukturer økonomisk og personellmessig.
- Koordinering av kirkelig ressursoverføring.
- Kontakt med kirker i andre deler av verden med deltagelse av hele Guds folk.

4. Hovedlinjer i MKRs satsing

Med bakgrunn i behov, nåværende aktiviteter og våre økumeniske forpliktelser, synes det nødvendig at MKR prioriterer relasjonene til Øst-Europa høyere, og at dette arbeidet må fortsette som et helhetlig engasjement som omfatter teologisk utvikling, internasjonale spørsmål, utveksling og prosjektstøtte.

a.

I dette arbeidet bør vi bruke to hovedkanaler for vårt engasjement:

- Det multilaterale systemet gjennom LVF og KEK/KV.

Det er tidligere redegjort for at MKR har hatt rollen som formidler av norske myndigheters støtte til disse organisasjonenes menneskerettighetsarbeid i Øst-Europa. For framtiden vil det være fornuftig å be Kirkens Nødhjelp - som har kompetanse og organisasjon - om å være partner overfor norske myndigheter.

Selv vil vi fortsette å bruke denne kanalen til å hente informasjon, rådgiving og kontaktetablering i Øst-Europa

- Bilaterale kontakter mellom menigheter/bispedømmer/kirkelige organisasjoner i Norge og samarbeidspartnere i Øst-Europa. Utfordringen er å arbeide mot en sammenheng mellom disse to hovedkanalene slik at det bilaterale engasjementet skaper folkelig oppslutning gjennom varme hjertér, og at det multilaterale engasjementet sikrer helhet, planmessighet og bærekraft.

b. I dette arbeidet må kontakten mellom kirkeledelse og frivillige organisasjoner holdes sammen:

- Gjennom vårt arbeid, søke å bidra til enhet i kirkene og ikke hverken støtte eller oppmuntre til splittelser og fraksjonsdannelser
- Unntaksvis støtte frivillige organisasjoner og bevegelser i Øst-Europa som, selv om de kan være kritiske til kirkeledelsen, har et viktig oppdrag å utføre i sine kirker.
- Legge vekt på åpen dialog med kirkeledelsen i de ulike kirker og hovedsaklig følge deres prioriteringer og anbefalinger. Herunder konsekvent holde kirkeledelsen orientert om vårt engasjement i deres områder.

5. Videreføring av det nåværende arbeid

- Vårt arbeid med å stimulere miljøengasjement i øst-europeiske kirker-, hovedsakelig gjennom KEK og LVF, vil fortsette.
- Likeledes vil vi fortsette å stimulere de østeuropeiske kirkenes menneskerettighetsarbeid- også primært gjennom KV, LVF og KEK.

For begge disse områdenes vedkommende vil den delen av arbeidet som handler om å forsøke å hente ut økonomiske midler fra norske myndigheter, søkes overdratt til Kirkens Nødhjelp gjennom en avtale med denne organisasjonen

- Det vil være naturlig å søke en mer aktiv bruk av midler fra Det norske menneskerettighetsfond inn i prosjekter i regi av kirker og kirkelige grupper i området.

MKR vil legge økt vekt på temaene etnisitet, minoritetenes rettigheter (folkegrupper og kirkesamfunn), religionsfrihet og Kirke i en sekularisert stat.

6. Nye satsingsområder

- Situasjonen "roper på" en samordning av det norske kirkelige engasjement i Øst-Europa. Det er ingen som naturlig peker seg ut til å ta på seg denne oppgaven.

Fra 1995 bør MKR gjøre dette. Det vil være naturlig å tenke i et 4-5 års perspektiv. En kan tenke at koordineringen søkes gjort så bredt som mulig på det kirkelige feltet, men en kan også avgrense seg til å si:

MKR vil ta ansvar for å koordinere økumenisk samarbeid og tiltak hvor menigheter og bispedømmer i den norske kirke er en av partene. Dette skjer gjennom etableringen av et kontaktforum der ulike bilaterale deltagere kan møtes for å utveksle erfaringer, koordinere aktiviteter og reflektere over arbeidsmåter og hovedlinjer.

Et eget spørsmål vil da være om MKR også skal være en samordnende instans overfor UD ved å forhandle om midler "på vegne av" alle de ulike prosjektene og tiltakene. Denne rollen betyr også at det er MKR som står ansvarlig overfor UD for den faglige profil og for bruken av midlene.

- I følge samarbeidsavtale med Kirkens Nødhjelp skal MKR "operere" KNs midler for mellomkirkelig hjelp i Øst-Europa. Dette vil i all hovedsak være knyttet til diakonale prosjekter. Mesteparten av støtten vil bli kanalisiert gjennom LVF, men noe bør knyttes til bilaterale prosjekter som fremkommer gjennom de utvekslingskontakter som norske menigheter og bispedømmer etablerer.
- MKR vil støtte arbeidet med å sikre den elementære tjeneste med ord og sakrament. Her vil vi konsentrere oss om utvikling av menneskelige og åndelige ressurser og ikke prioritere fysiske infrastruktur-prosjekter. Finansiering av dette satsingsområdet er komplisert. Mellomkirkelig Råd vil måtte utrede videre hvordan dette kan finansieres. I første omgang vil det gjøres et forsøk på å utvikle en innsamlingsstrategi knyttet til solidaritets-bevilgninger fra kirkelige organisasjoner og råd. Med basis i det multilaterale systemets program og prosjektlistene, kan MKR lansere en aksjon for kirkelig solidaritet med den gudstjenestefeirende menighet i Øst-Europa. Nært samarbeid med Bibelselskapet, Bispedømmeråd og misjons- og ungdomsorganisasjoner er nødvendig. En slik strategi vil utvikles i løpet av 1995.

Geografisk prioritering

I den nåværende fase bør vi gi prioritet til de land vi har utviklet bilaterale kontakter med, men ikke låse dette slik at vi ikke kan respondere på behov som kommer multilateralt.

7. Organisasjonsmessige konsekvenser i MKR

Det opprettes et koordineringsutvalg for Øst-Europa med Dnks representanter i LVF og KEK, en representant fra NTN, KISP og NØM samt generalsekretær og fagkonsulent(er).

Dersom MKR går inn for at MKR også skal ta ansvar for samordningen av prosjektene og kontakten med norske myndigheter, trenger sekretariatet tilførsel av prosjektkompetanse.

Behovet for en egen prosjektsekretær blir da presserende nødvendig om ikke MKR da i sin tur "kjøper" denne tjenesten eksternt.

Opprinnelig dokument: MKR/Sak18-94. juni
Revidert høsten 94.

REFERAT: KORT ORIENTERING/OPPDATERING OM MKR SITT AUST-EUROPA-ENGASJEMENT.

FRÅ: NØM v / Fyrstekonsulent Cecilie Jørgensen Strømmen og sivilarbeidar
Bård Norheim.

Sidan "Strategi for Mellomkirkelig Råds Øst-Europa engasjement" vart ferdig revidert hausten 1994, har mykje skjedd på dette feltet:

For dei tre åra 1995-97 har MKR forvalta midlar til bruk for ulike kyrkjelege samarbeidsprosjekt med Aust-Europa. Midlane har kome frå UD sitt "Samarbeidsprogram for Sentral-og Aust-Europa" og samarbeidsavtalen mellom KN og MKR. Midlane frå UD har hovudsakleg vore retta mot prosjekt som arbeider med demokrati-, kompetanse- og nettverksbyggjing. Midlane i KN har vore retta særskilt mot oppretting av kyrkjenettverk og støtte til marginaliserte grupper.

MKR sitt samarbeid med UD har fungert godt, og vi har motteke gode tilbakemeldingar frå departementet på vårt arbeid. UD har også gjeve MKR løyve til å nytta unytta midlar frå tidlegare år. Det vert no arbeida med ein ny søknad der MKR bed om midlar også for 1998.

Samarbeidet med KN har ikkje fungert like godt. Dette skuldast mykje den lange vakansen på NØM-feltet (oktober 1996 - april 1997), og konsulent no berre i ca. 70 % (tidlegare 50 %) stilling. Dette har forvanska og forseinka allereie uklare prosedyrar for bruken av midlane. Forvalting av prosjektmidlar til kyrkjeleg Aust-Europa-samarbeid er arbeidskrevande, og slike arbeid, særleg i mangel på velfungerande prosedyrar, vert særleg skadelidande ved vakanse. Urimeleg mykje av arbeidet på NØM-feltet i haust har vorte nytta til å rydda opp i dei tidlegare brukte midlane og å forbetra rutiner og prosedyrer. Dette skuldast hovudsakleg den manglande kontinuiteten.

Men vi vonar at den grundige gjennomgangen av middelbruken og prosedyrer som har funne stad kan vera med å letta den vidare saksgangen. Likevel er det eit faktum at det skortar på ressursar til ei forsvarleg og tenleg oppfølgjing av desse midlane. Det kan vera på sin plass å minna om desse sluttorda frå strategiplanen frå 1994: "Dersom MKR går inn for at MKR også skal ta ansvar for samordningen av prosjektene og kontakten med norske myndigheter, trenger sekretariatet *tilførsel av prosjektkompetanse*. Behovet for en egen prosjektsekretær blir da presserende nødvendig om ikke MKR da i sin tur "kjøper" denne tjenesten eksternt".

For tida arbeider ein også med å kartleggja og byggja ut nettverket MKR har på bispedømeplan i høve til Aust-Europa-arbeidet. M.a. ser ein på kva ansvarsområder det evt. kan vera tenleg å overføra til bispedømekontaktane.

Gledeleg er det at Kyrkjeleg Aust-Europa-forum er igang igjen. Forrige møte vart arrangert så langt attende som 14.desember 1995. MKR har fått gode tilbakemeldingar frå dei ulike kyrkjelege Aust-Europa-aktørane på si rolle som "fagstad" og skapar av eit fagleg

diskusjonsmiljø som Aust-Europa-forum. 28.oktober 1997 vart det arrangert Aust-Europa-forum der "proselyttisme i Aust-Europa" var tema. Forskar Ove Gustavsson frå Svenska Misjonsrådet føreleste og innleia til debatt.

5.mars 1998 vert det eit nytt forum det temaet er "Nasjonsdanning og religionsfridom i Aust-Europa: Kva rolle spelar kyrkja/kirkjene i nasjonaliseringss prosessen i Aust-Europa ". Til møtet kjem Jaan Bärenson frå Estland(gen.sekr i Bibelskapet, historikar og baptist) og forskar Geir Flikke frå NUPI (sjå evt. eige invitasjon). Vi finn det viktig og ikkje minst riktig at MKR vektlegger sitt Aust-Europa-engasjement på eit slikt fagleg og kontaktskapande arbeid. Dette vil ein også hausta fruktene av når ein skal arbeida vidare med å få oversikt over og gjennomtenkja vennskapskyrkjedyssamarbeid (i Dnk). Dette er del av ein større nordisk prosess.

for NØM, 29.01.1998, Bård Norheim(sivilarbeidar)

RETNINGSLINJER FOR MELLOMKYRKJELEG RÅD FOR DEN NORSK-KYRKJA (MKR) SINE MIDLAR FRÅ UTANRIKSDEPARTEMENTET SITT “SAMARBEIDSPROGRAM MED SENTRAL- OG ØST-EUROPA”

Mellomkyrkjeleg Råd for Den norske kyrkja (MKR) forvaltar for 1998 midlar frå Utanriksdepartementet (UD) sitt "Samarbeidsprogram med Sentral - og Øst-Europa". UD sitt program er meint å fremja demokrati- og kompetansebyggjinga i regionen og regionen sin integrasjon i den internasjonale fellesskapen. Midlane som MKR forvaltar er meint å støtta ulike samarbeidsprosjekt mellom aust-europeiske og norske partnarar. Midlane skal særleg støtta ulike kyrkjelege prosjekt som fell innanfor dette samarbeidsfeltet.

1) VILKÅR FOR TILDELING

- a. Bispedømmer, kyrkjelydar, organisasjonar, institusjonar og ulike lokale grupper/tiltak kan søkja Mellomkyrkjeleg Råd(MKR) om stønad til utveksling/ samarbeidsprosjekt med aust-europeiske partnarar. E.v.t. tildelte midlar kjem frå UD sitt "Samarbeidsprogrammet med Sentral- og Øst-Europa".
- b. Ved si vurdering av prosjekta og e.v.t. tildeling av midlar legg MKR særleg vekt på følgjande:
 - Prosjekta må fremja jamnbyrdig og langsiktig samarbeid.
 - Kvinner, born og unge er prioriterte målgrupper.
 - Baltikum er prioritert hovudsatsingsområde.
 - Prosjekta må arbeida i tråd med UD si overordna målsetjing for samarbeidsprogrammet og såleis stimulera til demokrati-, kompetanse-, og nettverksbyggjing.
 - Prosjekta må prova evne til og planar for sjølvfinansiering.

2) PROSJEKTSØKNADEN

Ein søknad om stønad skal innehalda ein utførleg *prosjektplan*. Særleg viktig er ein *plan for gjennomføringa* av prosjektet - med *tidfesta mål og delmål*. Det er viktig at søkeren kan relatera desse måla og delmåla til dei overordna målsetjingane for samarbeidsprogrammet. Det er også viktig at det går tydeleg fram av prosjektplanen *kven av samarbeidspartnarane som har ansvar* for gjennomføringa og oppfølgjinga av dei ulike delmåla.

Saman med prosjektplanen må det følgja ein *finansieringsplan (budsjett)*, der stønaden frå MKR er tydeleggjort. Det vert primært gjeve stønad i oppstartingsfasen, og det vert forventa at prosjekta seinare vert sjølvfinansierte.

Minste tildelingssum til eit prosjekt er NOK.10.000. Etter melding om evt. tildeling må ein stadfesta at midlane vert nytta etter intensjonen i prosjektsøknaden. Ved (større) endringar i prosjektgjennomføringa forventar MKR å verta underretta.

Om det er naudsynt, kan dei tildelte midlane verta utbetalte på førehand.

3) RAPPORTERING FRÅ PROSJEKTET

A) PROSJEKTRAPPORT

Når prosjektet det er søkt om midlar til er avslutta, skal MKR motta ein *utførleg sluttrapport*. Rapporten skal innehalda ei skildring av prosjektgjennomføringa og ei vurdering i høve til målsetjingane i søknaden.

2) REVISJONSRAPPORT

Saman med sluttrapporten skal det følgja eit *revisorstadfesta sluttrekneskap* frå prosjektet. Dette inneber at prosjektrekneskapen må vera godkjent av ein statsregisterert revisor. Dersom eit revisorstadfesta rekneskap ikkje ligg føre, kan MKR ikkje gå god for bruken av dei tildelte midlane overfor UD, og MKR kan dimed krevja midlane tilbakebetalte.

For prosjekt der tildelingssummen er mindre enn NOK. 25.000,- held det om ein sendar inn eit underskrive rekneskap med gyldige bilag.

Eventuelle spørsmål kan rettast til :

**Mellomkyrkjeleg råd for Den norske kyrkja
fyrstekonsulent for økumenisk samarbeid og misjon
Postboks 5816 majorstua
0308 Oslo
tlf.: 22 93 27 50
fax: 22 93 28 28
Vitjingsadresse: Underhaugsveien 15**

Prosjektsøknad og rapportering kan sendast til same adresse.